



Avisa Nordhordland AS
Kvernhushaugane 12
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2097 - 17/13263

Saksbehandlar:
Stine Pedersen Sylta
stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:
30.10.2017

Innhenting av tilbod frå avisene - kommunal informasjon

Det er tid for at Radøy kommune vil henta inn tilbod igjen på kommunal annonsering, ei heilside i fulldistribusjonsutgåvene. Me leverer stoff til annonsa i eit word-dokument, og avis tek seg av å plassera dette i annonsemål. Me får denne til korrektur, vanlegvis tre gongar, før endeleg annonse vert sendt i trykken.

- Me annonserer om lag ein gong i månaden.
- Særleg viktige månader er januar, februar, mars, april, juli, august, september, desember.
- Avisa bør nå alle innbyggjarar i Nordhordlandskommunane, ikkje berre i Radøy, då stillingsannonser er ein viktig del av annonsane. Samstundes som det er viktig å nå alle radværingar med kunngjeringane.

Me ønskjer å ha ein rubrikk på framsida som seier at leseren finn kommunal info frå Radøy, med sidetal.

Radøy kommune vil også be om pris på sporadisk annonsering utanom heilsidesannonserne, og ønskjer dette i eit samla pristilbod. Dette gjeld annonsar i alle storleikar opp til ei heil side.

Me vonar dette er av interesse for dykkar avis. Me ønskjer svar innan 20. november, og annonseringa vil gjelda frå 1. januar 2018.

Med helsing

Stine Pedersen Sylta
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Avisa Nordhordland AS
Strilen Forlaget AS

Kvernhushaugane 12
Postboks 3

5914
5902

ISDALSTØ
ISDALSTØ